

# REGLAR FOR ORDEN OG ÅTFERD VED BULANDET SKULE

## § 1. Heimel

Reglar for orden og åtferd er heimla i Opplæringslova § 2-9.

## § 2. Føremål

Reglementet skal føre til at Bulandet skule er prega av eit arbeids- og læringsmiljø som fremjar toleranse, samarbeid, respekt, trivsel, helse, fagleg konsentrasjon, ro og orden.

## § 3. Verkeområde

Ordens- og åtferdsreglementet gjeld for alle aktivitetar i regi av skulen, uavhengig av stad. Det gjeld også på skulevegen.

## § 4. Rettar

Som elev har du rett på

- at alle møter deg på ein ordentleg måte
- at andre syner deg respekt og let eigendelane dine vere i fred
- å ikkje bli utsett for fysisk, psykisk, verbal og digital plaging/mobbing/krenking/trakassering
- eit trygt og godt lærings – og skulemiljø
- at dei tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller ved farlege hendingar

## § 5. Plikter

Som elev har du plikt til å

- møte andre på ein ordentleg måte
- syne respekt og la andre og skulen sine eigendelar vere i fred
- ikkje plage, mobbe, krenke eller trakassere nokon fysisk, psykisk verbalt eller digitalt
- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø

## § 6. Reglar for god orden:

- Du skal møte presis til timar og avtalar.
- Du skal vere på skulen sitt område i skuletida når ikkje anna er avtalt.
- Du skal møte førebudd til undervisninga.
- Du skal halde fristar og gjere arbeid til rett tid.
- Du skal ha med deg nødvendige læremiddel og utstyr du har fått tildelt og du skal ta fint vare på det.
- Du skal ha melding heimanfrå ved fråvær.
- Du skal ha melding heimanfrå dersom du av ulike grunnar ikkje er førebudd til undervisninga eller ikkje kan levere arbeid i rett tid.
- Du skal halde god orden der du oppheld deg og ferdast på skulen sitt område.

## §7. Reglar for god åtferd

- Du skal syne omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering, funksjonsevne m. m.
- Du skal møte skulen sine tilsette og medelevane dine med respekt og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane.
- Du skal rette deg etter dei beskjedane du får av skulen sine tilsette.
- Du skal syne nettvett og fylgje skulen sine retningslinjer for bruk av IKT.
- Du skal ikkje plagiere andre sitt arbeid eller jukse på prøvar.

## § 8. Reglar for helse, hygiene og tryggleik

- Du skal bruke passande verneutstyr slik som hjelm og handbeskyttarar når du nyttar transportmiddel med hjul så som sparkesykkel, rulleskøyter, skateboard og vanleg sykkel i skuletida.
- Sparkesykkel, rulleskøyter og skateboard kan brukast i friminutta. Vanleg sykkel skal berre brukast i særskilde høve etter avtale med lærar.
- Tobakk og rusmiddel er forbode å bruke på skulen.
- Du skal ha vanleg sunn mat og drikke med deg på skulen. Maten et du på plassen din. Snop som til dømes chips, brus og sjokolade kan du berre ha med i særskilte høve etter avtale med lærar.
- Du skal ikkje utsetje andre for fare ved å kaste snøballar, isklumpar, stein eller andre gjenstandar på dei.
- Du skal bruke verneutstyr ved undervisningsaktivitetar som krev dette.
- Du skal ikkje ha med deg farlege gjenstandar på skulen utan at det er avtalt med lærar.
- Du skal til ei kvar tid rette deg etter dei smitteverntreglane som gjeld i kommunen.

## § 9. Reglar for bruk av elektroniske hjelpemiddel

- For elevane på Bulandet skule gjeld regelverket i «IKT kontrakt for Skulane SYS Samarbeidet»
- For elevane på Bulandet skule som har fått utlevert personleg datamaskin gjeld dokumentet «Avtale om bruk av personleg tildelt datamaskin i grunnskulen i Askvoll»
- **Privat** elektronisk utstyr, slik som til dømes mobiltelefon, nettbrett, smartklokke, pc-ar og anna skal berre brukast etter avtale med lærar, elles skal det slåast av og samlast inn ved skulestart, oppbevarast på ein trygg stad og delast ut att ved skuleslutt.

## § 10. Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd:

1. Munnleg rettleiing frå lærar.
2. Merknad. Denne vert gjeven i VismaFlytSkule og kvar merknad er å rekne som *ei åtvaring* om at ordens- og eller åtferdskarakteren *kan* verte sett ned.
3. Munnleg rettleiing frå rektor.
4. Inndraging av farlege gjenstandar og utstyr som forstyrrar undervisninga.
5. Skriftleg melding til foreldre/føresette.
6. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid, eventuelt i friminutt for å rette opp skader som eleven er ansvarleg for.
7. Bortvising frå undervisning for einskildtimar, einskildarrangement eller resten av dagen.
8. Bortvising i inntil tre dagar (8. – 10. klasse, Opplæringslova §9A-11)

Fysisk refsing eller kollektiv straff kan ikkje nyttast. Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, vert det sett i verk nye tiltak.

## § 11. Vurdering av orden og åtferda til eleven.

Vurdering i orden og åtferd skal fastsettast med utgangspunkt i dette reglementet.

Karakteren i orden og/eller åtferd vil verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved einskildhendingar om det gjeld særleg grove brot på reglementet.

## § 12. Politimelding

Særleg alvorlege hendingar med skadeverk, mobbing, vald eller rasistiske utsegn vil verte melde til politiet.

## § 13. Erstatningsansvar

Ved skadeverk på skulen sin eigedom kan elev og/eller foreldre/føresette verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. (Skadeerstatningsloven §1.1 og 1.2)

## § 14. Sakshandsaming ved bruk av tiltak

- Skulen skal sikre at avgjerd vert teke på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal ha fått høve til å forklare seg munnleg for den som tek avgjerda.
- Tiltaket skal grunnjevast. Dersom avgjerda har særleg betydning, skal dette gjerast skriftleg.
- Før avgjerd om bortvising, skal skulen ha vurdert bruk av andre tiltak eller hjelpetiltak.
- I alvorlege saker skal foreldre/føresette varslast så snart det er råd.

Foreldre/føresette skal varslast før det vert sett i verk bortvising frå skulen.

Tiltaket i § 10 nr. 8 er å sjå på som eit einskildvedtak og skal handsamast i tråd med reglane for einskildvedtak i forvaltningslova.

## **§ 15. Iverksetting og kunngjering**

Dette reglementet trer i kraft etter godkjenning i samarbeidsutvalet den 18. januar 2021.

Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider. Ved starten av kvart skuleår skal reglementet gjerast kjent for elevar, tilsette og foreldre/føresette.